



Jazzverket under ein tidlegare opptreden i Rosendal .

Jul i Rosendal vert arrangert til helga. Fredag kveld er det tradisjonen tru opningskonsert. Etter at det har vore flotte konsertar med Rein Alexander og Helene Bøksle dei to føregåande åra, er det i år klart for konsert med dei eminente musikarane i det lokale Jazzverket, toppa med saxofonisten Ole Jacob Hystad. Dei to uskedalstalenta Sindre Aksnes og Vegard Døssland er og blant dei 10 musikarane. Det vert meldt om stor interesse for konserten og bra førehandsalg av billetter.

Jazzverket har sjølv kome med ønskje om at konserten vert i Kvinnherad kyrkje og dei ser fram til å spela i det fantastiske kyrkjerommet. Det vert nok ein stor opplevelse for publikum. Dei som har hørt denne dyktige musikkgruppa før, er nok fylt av forventningar. Dei som kjem for å høyre dei for første gang, vil nok verte overraska av nivået. Det er mest uttruleg at vi har ei så dyktig og spennande jazzgruppe i Kvinnherad. Det vert lagt opp til eit spennande program som spenner frå standard-jazz via folketonar til eit par salmar.

Dei som spelar i Jazzverket på kyrjekonserten er:

Ole Jacob Hystad, Saksofoner
 Ananda Gopi Storegjerde, Vokal
 Vivian Brede, Vokal
 Magnhild Berge, Vokal
 Vegard Døssland, Trompet og flygelhorn
 Sindre Aksnes, Perkusjon
 Bjarne Øymyr, Piano og orgel
 Ivar Baste, Piano, Piano, orgel og saksofon
 Torkjell Nerhus, Trommer
 Stein Haugen, Kontrabass

De kan lese meir om konserten ved å klikke på linken under.

<http://www.julirosendal.no/jul-i-rosendal/jazzverkets-kyrkjekonsert>

Konserten er altså i Kvinnherad kyrkje fredag kl.19.30. Billetter kan kjøpast på førehand på Baronessa på Husnes, og på Rosendal Sko.

Tekst og foto:Thor Inge Døssland.